



Rektor Vidar Haugland med framlegget sitt om ein ny timeplan frå hausten.

**Viss framlegget frå rektor Vidar Haugland blir vedteke, vil alle elevane frå neste skuleår gå på skulen fem dagar i veka. No har alle frå første til og med fjerde klasse skule i fire dagar medan femte, sjette og sjuande klasse går fire heile dagar og fram til klokka 12.15. på onsdagen. Etter framlegget blir alle dagane like, ved at alle startar klokka 8.20 og sluttar 13.50. Omlegginga vil både gje betre læringstid og lengre og betre pauser, understrekar Haugland.**

- Dei andre skulene i Kvinnherad har undervisning fem dagar i veka og det hadde også Uskedalen tidlegare. Reduksjonen til fire dagar her kom på grunn av utgiftene til skyss, men den føreslegne omlegginga vil ikkje gje auka skyssutgifter, seier rektor til uskedalen.no.

Det står skulen fritt å bestemma timeplanen, det einaste krav som må tilfredsstillast er at elevane får den undervisning dei har krav på i ei veke.

Rektor grunnjev omlegginga mellom anna slik:

- Betre læringstid, med kortare økter og lengre pauser i mellom dei. (pausene blir to timar pr. dag for 1.-4. klasse og halvannan time pr. dag for 5.-7. klasse)
- Kortare undervisningstid kvar dag.
- Fleire dagar til repetisjon.
- Meir tid til fysisk aktivitet.
- Meir tid til frikopling frå undervisning.
- Meir ro i pausetida.
- Tid til å leika ferdig
- Elevane blir meir vane med skule når han er kvar dag

Haugland strekar under som ei hovudutfordring ved omlegginga at pausene må gjerast meningsfylte, slik at dei gir høve til varierte aktivitetar, nødvendig avkopling frå undervisninga, fornya arbeidslyst og er trygge og gode for

alle elevane.

- No har dei yngste 23 timar undervisning kvar veke og det blir hektisk for dei når denne tida er pressa inn på fire dagar, seier rektor.

Han tek sikte på å ta ei endeleg avgjerd i denne saka rundt 15. mars. Personalet stiller seg, slik han formulerer det, "rimeleg positive" til framlegget hans.

Foreldra var invitert til møte om saka torsdag kveld og ga framlegget ei blanda mottaking: Fem var for medan fem hadde kritiske kommentarar og dei øvrige omkring 20 frammøtte stilte seg avventande.

Det var inga votering på møtet, men i veke 10 skal både foreldra og personalet ha gjeve uttrykk for ei meining. Det er også mogeleg at FAU skal gjennomføra ei spørjeundersøking, som det kom framlegg om på foreldremøtet.

Av Ola Matti Mathisen

Ark1

## TIMEPLAN


Uskedalen skule

2007 – 2008

<u>TID</u>	<u>Måndag</u>	<u>Tysdag</u>	<u>onsdag</u>	<u>torsdag</u>	<u>fredag</u>
07.45-08.00					
08.00-08.20					
08.20-08.35					
08.35-08.50					
08.50-09.05					
09.05-09.20					
09.20-09.35					
09.35-09.50					
09.50-10.05					
10.05-10.20					
10.20-10.35					
10.35-10.50					
10.50-11.05					
11.05-11.20					
11.20-11.30					
11.30-11.45					
11.45-12.00					
12.00-12.15					
12.15-12.30					
12.30-12.45					
12.45-13.00					
13.00-13.15					
13.15-13.30					
13.30-13.45					
13.45-13.50					

Undervisning 1.-4. kl: 17,25 t/v = 3 t 27 min/dag

Undervisning 5.-7. kl: 20,25 t/v = 4 t 3 min/dag

	Undervisning 5.-7., pause 1.-4. klasse
	<i>Undervisningstid</i> Alle
	Pause alle

Side 1

Slik blir timeplanen frå hausten viss forslaget til rektor går igjennom..